

Årsmelding for 2018, Stårheim sokneråd

(tal for 2017 i parentes)

Stårheim sokneråd har i 2018 hatt 7 (7) møter, deriblant 2 saman med Eid sokneråd.

Soknerådet har handsama 58 (69) saker. Vi har hatt 1 soknemøte (årsmøtet).

Leiar og nestleiar møtte 19.april på årsmøtet til Nordfjord prosti. Der var det m.a. foredrag av Eivind Skeie.

Dei same møtte 23.oktober på prostevitjing i Leikanger, Selje. Der møtte også Tone. Ho er medlem i kyrkjeleg fellesnemnd i Selje og Eid, som førebur div. i samband med sammanslåinga til Stad kommune.

Nestleiar og leiar har hatt kvar sin tur, - i mars og september, til Bergen for deltaking i intervju av kandidatar til soknepreststillinga.

Fellesrådet har i 2018 hatt 4 (6) møter. Trusopplæringsnemnda har hatt 1 (1) møte.

Ungdomsutvalet og diakoniutvalet har ikkje hatt møter i 2018. Leiar møtte på diakonikveld 8.november.

Det har vore 18 (20) gudstenester i Stårheim, deriblant ei stølgudsteneste på Sigrona, friluftsgudsteneste ved skogsvegen på Myrold og ei førjulsgudsteneste for skulen/barnehagen. Vi hadde i 2018 kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene. Kyrkjeverten har organisert dei enkle med kjeks, medan Anna-Rita har organisert dei med kake.

Frammøte på gudstenestene har vore på 1051 (1174) personar, og 53 (346) har møtt opp til nattverd (det har vore berre 3 nattverdsgudstenester). Totalt innsamla sum ved offerinnsamlingar var kr. 26.230,- (32.198,-) Det har vore 1 (4) dåp, (den døypte er busett i Stårheim), 10 (7) gravferder, 2 (2) vigslar og 6 (4) konfirmentar.

”Misjon uten grenser” er misjonsprosjektet vårt.

Bodhild, Anna-Rita og Reidun, - saman med fjorårsforeldre, var med å lage til fest 18.april i Samlingsheimen for årets konfirmentar frå Kjølsdalen og Stårheim. Vi hjalp til med kakebaking, pådekking og opprydding.

Kvelden 3.mai arrangerte soknerådet ryddedugnad på gravplassane. Dette vart annonsert m.a. via kunngjeringar, på oppslagstavla og på Stårheimsbygda og Stårheim kyrkjelyd sine sider på face-book . Oppmøtet var bra. Dei som var der hadde ei kjekk stund m/kaffipause.

19.august var det avskilsgudsteneste på Nordfjordeid for ungdomspresten med påfølgande kyrkjekaffi. Bjarne og Reidun deltok i oppryddingsarbeidet på kyrkjetunet.

Onsdag 31.oktober hadde soknerådet ansvaret for kiosken under «HalloVenn»-arrangementet i Idrettshallen, og for kakebaking til dette. Bodhild var vår kontaktperson. Omtrent alle i soknerådet, og varaene, bidrog i dette arbeidet.

Stårheim barnekor har vore aktive heile året med pause frå påske til etter skulen sin haustferie. På frivillig basis har Reidun Ivesdal og Helene Nome hatt ansvar for dirigering og det organisatoriske, og kyrkjekontoret har stilt med lønna musikalsk kraft: Asbjørn Eikenæs. Koret har hatt øvingar i Samlingsheimen måndagar.

Laurdag 15.desember vart det arrangert julekonsert i kyrkja. Anna-Rita, Bodhild, Kjartan og Reidun var konsertnemnd. Mange lokale aktørar deltok. Bjarne var programleiar.

Soknerådet har fått ordna Vippskonto, som m.a. kan nyttast som betalingsordning for kollekt. Skysstilbodet til gudstenestene vi ordna i 2017 har ikkje vorte nytta. Skysstilbodet til Seljumannamessa i juli vart nytta av nokre frå Stårheim. M.a. deltok Dronning Sonja på messa.

Prosjesjonskorset er under arbeid.

Vi har drøfta høyringsframlegg om ny kyrkjeordning.

Av fysiske ting som har skjedd i 2018:

Hekladukar i kyrkja vart reparet (av Bjørg Kaarstad).

Ein ny lyskastar nord-vest for kyrkja har blitt tilkobla straum.

2 lyspunkt på den nyaste gravplassen er kome på plass,

og eit lyspunkt på gravplassen lengst mot vest.

Lys i klokketårnet har blitt montert.

Det har kome fastmontert mikrofon til lesepulten.

Bygdekvinnelaget har kome med 4 sittebenkar til gravplassane. Benkane har Kjartan oljebehandla.

Vi fant eit gammalt bord på mørkeloftet i kyrkja som Kjartan pussa opp til kaffibord. Elles har det blitt kjøpt inn diverse småting til kyrkjekaffien.

For Stårheim sokneråd

Reidun Borgestrand

- leiar-

Vedlegg: Liste over soknerådet og dei som har hatt teneste i Stårheim kyrkje i 2018

Samansetning i soknerådet i 2018:

Reidun Borgestrand	leiar, vara for Tone i fellesrådet , miljøkontakt
Bjarne Kaarstad	nestleiar
Arnstein Ivesdal	kasserar, representant i ungdomsutvalet , vara for Kjartan i fellesrådet
Tone Lillian Stokke	sekretær, representant i fellesrådet, medlem i trusopplæringsnemnda
Kjartan Myrøld	representant i fellesrådet
Bodhild Nyhammer Bakke	medlem i diakoniutvalet
Olaf Sigurd Gundersen	soknerådsmedlem frå sept.
Kaare Michael Christoffersen	soknerådsmedlem fram til 19.august

Stian Starheimsvik	1.varamedlem
Marit Janne Remme	2.varamedlem
Anna Rita Verlo	3.varamedlem
Rune Lundmoen	4.varamedlem
Nelly Anne Manseth	5.varamedlem

Gunvor Torheim	kontaktperson til Helgefred (ev. redaksjonsnemnd)
----------------	---

Dei som har hatt teneste i Stårheim kyrkje i 2018:

Rolf Schanke Eikum	prost
Olaf Sigurd Gundersen	fungerande sokneprest
Kaare M.Christoffersen	ungdomsprest (fram til 19.august)

Ralph Cupper	organist/kantor
Ingvard Sundal	organist 2
Asbjørn Eikenæs	barnekoret, musikalsk barne- og ungdomsarbeider
Knut Hans Røed	kyrkjetenar
Bjørge Risøy	reinhaldar/kyrkjetenar
Finn Arve Sundal	kyrkjegardsarbeidar
Harald Aardal	kyrkjegardsarbeidar

Sidan vi manglar trusopplæringsansvarleg/kyrkjelydspedagog har Marta Elvebakke vore ansvarleg for planlegging og praktisk tilrettelegging av trusopplæringsarrangement. Beate F. Osdal og sokneprest Gundersen har delteke i undervisning/forkynning og hatt ansvar for konfirmantarbeidet.

Etter at ungdomsprest Kaare Michael Christoffersen slutta i august har Jakob Leivdal Håvik hatt ansvar for drift av Nattcafeen.